



Sigmund Kallhovde
Isdalbakken 43
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2191 - 16/20385

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
26.07.2016

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 137/56 Alver

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 04.07.16.

Saka gjeld søknad om etablering av køyreveg på eigedom gbnr. 137/56. Kommunen var 26.07.16 i telefonisk kontakt med tiltakshavar. Det vart opplyst at den omsøkte vegen skal brukast som køyreveg til gbnr. 137/95.

Etablering av køyreveg til gbnr. 137/95 over gbnr. 137/56 er eit søknadspliktig tiltak etter plan- og bygningslova § 20-2 bokstav a jf. § 20-3 – tiltak som krev bruk av ansvarleg føretak.

Tiltaket vert ikkje å rekne som intern køyreveg slik som henvending i e-post til byggesaksvakta 22.06.16 skisserte, svar frå byggesaksvakta er derfor gjeve på feil grunnlag.

Det er søkt om ansvarsrett som sjølvbyggar for funksjonan SØK og UTF i samband med etablering av vegen, det er ikkje dokumentert kven som har prosjektert vegen. Vi gjer vidare merksam på at det etter lovendring som trådte i kraft 01.01.2016 ikkje lenger søkjast om ansvarsrett, det skal erklærast ansvar.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Knarvik – Alversund er sett av til bustadføremaal. Tiltaket vil krevje søknad om dispensasjon frå plankravet i gjeldande kommunedelplan pkt. 2.3.

Eigedomen til dels omfatta av reguleringsplan Rv. 565 Isdalstø –Alverflaten/id. 1263-200707 i form av at nemnde reguleringsplan gjev eigedom gbnr. 137/56 rett til å køyre på regulert offentleg gang- og sykkelveg. Reguleringsplanen gjev ikkje gbnr. 137/95 denne retten og evt. etablering av køyreveg til gbnr. 137/95 over gbnr. 137/56 krev dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan.

Nabovarsel

Det er ikkje levert inn gjennpart av nabovarsel. Søknaden er sendt inn før fristen for å komme med merknadar til nabovarsel er gått ut.



Teikningsmaterieill

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 22.06.16. Tiltaket er ikkje målsett. Minsteavstandar til offentleg veg, nabogrense mv. er ikkje opplyst. Det er ved søknad ikkje levert terrengsnitt og lengdesnitt av vegen som gjev kommunen høve til å vurdere tiltaket.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tiltaket krev at det vert søkt om og ligg føre dispensasjon frå reguleringskravet i pkt. 2.3 i gjeldande kommunedelplan for Knarvik – Alversund.
2. Tiltaket krev at det vert søkt om og ligg føre dispensasjon frå reguleringsplan Rv. 565 Isdalstø-Alverflaten/id. 1263-200707 for køyring på offentleg gang- og sykkelveg langs Rv. 565.
3. Dispensasjonssøknadane skal nabovarslast.
4. Det må leverast inn gjenpart av nabovarsling med omsyn til omsøkt tiltak og ved ny nabovarsling av søknad om dispensasjon
5. Det må gjerast greie for evt. nabomerknadar.
6. Det må leverast inn oppdatert målsett situasjonsplan påført minste avstandar til veg, nabogrense mv. samt lengde og bredde på vegen.
7. Det må leverast inn lengde- og terrengsnitt som syner vegen.
8. Det må erklærast ansvar for heile tiltaket SØK/PRO/UTF for alle naudsynte fagområde.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 06.09.16**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Sigmund Kallhovde

Isdalbakken 43

5911

ALVERSUND